



Tre-, busk- og krattrydding

langs kommunale vegar

Eining for veg og park vil kontinuerleg arbeide med rydding av vegetasjon langs dei kommunale vegane i Kvinnherad. Sikta langs vegar, fortau, gang- og sykkelvegar og i kurvar og kryss vil såleis verta betre.

Tre og greiner som veks inn over vegen sitt eigedomsområde

Med heimel i Grannelova (Nabolova) § 12 gjev Kvinnherad kommune med dette varsel om at tre og greiner som veks inn over vegen sitt eigedomsområdet, medrekna fortau, må fjernast gjennom heile året. Dersom grunneigar ikkje utfører arbeidet sjølv, vil vegetasjonen verta fjerna maskinelt med grovt utstyr av Kvinnherad kommune.

Rydding av vegetasjon utanfor vegen sitt eigedomsområde. Varsel etter Veglova § 31.

I dei tilfella der Kvinnherad kommune ikkje disponerer eit areal på 3 m frå vegkant og det i særlege tilfelle er naudsynt å utføra rydding utanfor eit belte på 3 m frå vegkant (i kurvar og kryss), kan Kvinnherad kommune med heimel i Veglova § 31 krevje rett til rydding av vegetasjon utanfor vegen sitt eigedomsområde. Med heimel i Veglova § 31 kan grunneigar krevje vederlag for mogleg skade og ulempe som følgje av ryddinga av vegetasjon utanfor vegen sitt eigedomsområde.

Rydding av vegetasjon i frisisiktfelt for avkøyring. Varsel etter Veglova § 43 jf. § 42.

Etter Veglova § 43 har eigar og brukar av avkøyringsle plikt til å halda frisisiktfeltet for avkøyringa rydda for vegetasjon. Frisisiktfeltet skal ryddast i samsvar med dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld. Sjå Kvinnherad kommune si heimeside (under Vegvedlikehald).

Innanfor frisisiktfeltet må vegetasjon ikkje vera høgare enn 50 cm over vegbane. Dersom rydding av vegetasjon ikkje vert utført, kan Kvinnherad kommune utføra arbeidet for den ansvarlege si rekning, jf. Veglova § 43.